



Notat

Dato: 12.01.2016
Arkivsak: 2015/11453-17
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Innmelding av investeringsbehov ved teknisk og maritim fagskule

24.03.2015 handsama Hordaland fagskulestyre sak PS16/2015 om investeringsbehovet ved Fagskolane i Hordaland (her finn ein lenkje til [protokoll](#) og lenkje til [møtet](#) der sak med vedlegg kan hentast). Investeringsbehovet ved Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole var større enn det som vart prioritert av Hordaland fagskulestyre i saka jfr. protokoll. Følgjande punkt 2 vart derfor vedteke:

«2. Fagskulestyret har merka seg at Bergen tekniske fagskole har eit investeringsbehov på over 18 millionar og Bergen maritime fagskole på vel 14,5 millionar. Fagskulestyret er uroa over at det framleis vil vere eit stort investeringsbehov sjølv etter innstillinga frå fagskulestyret til opplæring- og helseutvalet. Fagskulestyret ber om at restinvestering blir følgd opp i budsjett 2016, og at skulane sjølv kan få omprioritera midlar innanfor bevilga beløp om dei finn det føremålstenleg. Dette for å sjå på investeringar over 2 år.»

Det resterande investeringsbehovet vert som styret har bede om sendt vidare til administrasjonen ved Opplæringsavdelinga i samband med ny politisk sak om investeringsmidlar og fondsmidlar i 2016.

I utarbeiding av saka gjer Opplæringsavdelinga ei vurdering av investeringsbehovet ved alle skulane i Hordaland fylkeskommune.